



SJARMERTE FULLSETT VONHEIM:

Latterkulene i salen sat laust då tiande klassen framførde juleshowet i Vonheim med sjarmerande humor og artige kommentarar. ØYPULS: SIDE 14-15

Tysnes

TORS DAG 12. DESEMBER 2013

NR. 49 - 61 ÅRG.
LAUSSAL KR. 25,-
tysnesbladet.no



Kom med julestemning

Ei mektig oppleving. Det er kommentarane etter julekonserten med Tenorane tysdag kveld.

ØYPULS: SIDE 22-23



Elevar stod verfaste på Os

Elevar ved både Os gymnas og Os vidaregåande skule vart torsdag sitjande verfaste på Os-sida. Både snøggåten og ferja slutta å gå i uveret.

NYHENDE: SIDE 6-7



Frå forsvaret heimatt til Tysnes

Dimmiteringsveke, ny heim, familiehygge og strikking. Celine Vevatne-Lunde (20) har ei travel førjulstid.

SISTASIO: SIDE 24



Peparkakehus

Ute var det snøstorm, og inne var det julemusikk, innpakking av gåver og pynting av peparkakehus.

ØYPULS: SIDE 12

Skal riva bustadhus for å byggja nye terrasseleilegheiter

- Seks nye leilegheiter med sjøutsikt i strandkanten i Våge
- Høgare prisklasse - Tysnes Bolig satsar på ny kundegruppe
- Salet startar til påske

NYHENDE: SIDE 2-3



Ja til bustadtomt i Ve

Landbruk/teknisk godkjende på siste møtet ein søknad frå Erling Gurvin om frådeling av ei bustadtomt på om lag 1,3 da frå gnr.90, bnr.1 Ve.

I følgje søknaden vil parsellen få avkøyrsele til kommunal veg i Klokkargarden. Det er vassleidning frå Tysnes vassverk og kommunal kloakkledning i nærleiken.

I vedtaket heiter det at landbruk/teknisk ser positivt på søknaden og syner til at tiltaket vil bli ei fortetting i eit område der det allereie er bustader. Utvalet peikar og på at området er avsett til bustadføre mål i gjeldande kommuneplan og at det kan tillatast inntil tre einingar som fortetting og ny busetnad utan krav til plan.

Får 1,65 millionar i etterbetaling

Medlemene i samvirkelaget Tysnes Kraftlag får 1,65 millionar kroner i etterbetaling. Det opplyser økonomileiar Stig Tveit i Tysnes Kraftlag. Tveit opplyser at etterbetalinga vil bli trekt frå på desember-rekninga frå kraftlaget som kjem i desse dagar.

– I fleire år vart etterbetalinga trekt frå som ein fast sum per månad. Dette vart endra i fjor. No kjem alt på ein gong, til fråtrekk på desember-fakturaen, forklarer Tveit.

I 2012 fekk ein gjennomsnittskunde i kraftlaget kring 1.500 kroner i etterbetaling. Etterbetalinga gjeld

både for kjøp av straum og for nettleige.

Etterbetalinga er ein del av overskotet frå drifta året før. Det er årsmøtet i kraftlaget som vedtek om og eventuelt kor mykje medlemene skal få i etterbetaling.



NYE TERRASSELEILEGHEITER:
På denne tomte har Tysnes Bolig fått godkjent eit nytt bygg i tre etasjar med til saman seks terrasseleilegheiter.

Byggjer terrasseleilegheiter i sjø

Seks nye terrasseleilegheiter i sjøkanten i Våge med utsikt over Bjørnefjorden kan verta sett i gong neste år om etterspurnaden er stor nok og salet går greit.

Tysnes kommune godkjende det nye bustadprosjektet til Tysnes Bolig på siste møtet i landbruk/teknisk.

Politikarane i landbruk/teknisk hadde stort sett berre lovord å koma med.

– Eit spennande prosjekt, kommenterte utvalsmedlem Øystein Dalland (Ap).

– Dette har eg stor tru på. Det er indrefiletten i sentrum. Det ser flott ut, la Ole Christian Kjerrgård (Sp) til.

Moderne preg

Trond Tvedt i Tysnes Bolig AS er spent på interessa for prosjektet.

– Til no har me lagt «litt lågt i terrenget». Me har venta på kommunen si handsaming av

byggjesøknaden før me har flagga saka, seier han.

Han reknar med at prospekt med prisar skal vera klart til påske, og at salet då vil ta til straks etter.

Det nye bygget vert tre etasjar høgt med to store leilegheiter i kvar etasje, kvar på knappe 120 kvadratmeter. Bygget får flatt tak. Det skal installerast heis i bygget.

– Målet vårt er å få til eit prosjekt med moderne preg. Eg trur det er viktig å signalisera

at det skjer noko på Tysnes og, og at den nye tida er komen til oss her og, seier Tvedt.

Bygget vil liggja midt imot når ein kjem sjøvegen inn til Våge. Frå leilegheitene vert det utsikt utover Bjørnefjorden.

Skal riva bustadhus

Bygget blir liggjande like nord for administrasjonsbygget til Tysnes Kraftlag, i skråninga ned mot sjøen. I dag ligg det eit bustadhus på tomte. Bustadhuset skal rivast.

Avtalen med huseigaren vart inngått sist vinter. Dei fyrste teikningane på prosjektet var klare tidleg på forsommar.

Tomta ligg like utanfor grensa til den nye reguleringsplanen for Våge som det no vert arbeidd med.

Trond Tvedt meiner at prosjektet passar godt inn i målsetjingane for den nye reguleringsplanen.

– Her får me både ei fortetting i sentrum og leilegheiter sentralt i Våge, seier han.

Bakteriane skal vekk frå røyrrnett

Sidan måndag har innbyggjarar i Tysnesbygda hatt drikkevatn som luktar og smakar klor. Men det vert det snart slutt på.

– At vatnet luktar klor, fortel oss at kloren tek dei bakteriane den skal. Me vil nok vera kvitt både klorklukt og -smak i slutten av veka, seier Marius Eikevik Frugård i Tysnes Vassverk.

Han presiserer at dette ikkje

medfører noko form for helsesiko for korkje menneske eller dyr, bortsett frå akvariefisk.

– Bakteriane som er funne, er ikkje av dei helsefarlege typane. Ein kan både drikka og nytta vatnet til matlaging, men det vil vera skadeleg å nytta vatnet til akvariefisk i perioden, seier han.



kanten i Våge

Høgare prisklasse

Tvedt håpar at prosjektet kan føra til tilflytting og lokka fleire unge til å prøvebu på Tysnes. Han ser også føre seg at leilegheitene kan vera attraktive for folk som har ein bustad og ynskjer å kvitta seg med denne.

Prisane på husværa vil han ikkje seia noko om enno. Men det vert ein høgare prisklasse enn leilegheiter som Tysnes Bolig har selt fram til no.

– Dette er husvære for ei ny

kundegruppe som me ikkje har prøvt oss på før, seier Tvedt.

Tidlegare har dei stort sett selt leilegheiter i prisklassen 1,5 til 2,6 millionar kroner. Han er spent på om det er marknad for denne typen husvære på Tysnes.

OIE SKATEN
ole@tysnesbladet.no

Ingen frå Tysnes fekk støtte

Ingen frå Tysnes fekk støtte frå regionalt næringsfond på det siste tildelingsmøtet. Det melder Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Tre av dei åtte prosjekta som har fått støtte denne gongen er frå Austevoll.

Det er Hordaland fylkeskommune som gjev regionråda i Hordaland midlar til

regionalt næringsfond.

Desse fekk støtte i Sunnhordland denne gongen: Ørjan Johannessen, Austevoll: kr. 100.000.

Merethe Tveit Offerdal, Kvinnherad, kr. 70.000.

Albatross Senter, Sveio, kr. 50.000.

Lito Candles, Fitjar, kr. 30.000.

Handlegaten Norge AS, Austevoll, 30.000.

Atle Vik, Austevoll, kr. 80.000.

Hotell Rosendal, Kvinnherad, 80.000.

Nyskappingskonferansen, Regionalt, kr. 45.000.



KJØPER LUNDE BARNEHAGE: Terje Dingsør har kjøpt den tidlegare barnehagen i Lunde for kr. 600.000,-. Seljar er Tysnes kommune. (Foto: Ina Kaldefoss)

Omsetning av eigedomar i Tysnes

Gnr 36, bnr 47 er overdrege frå Magne Martinus Milde til Margit Ingrid Milde (04.10.2013).

Gnr 36, bnr 47 er overdrege frå Margit Ingrid Milde til Grethe Milde, Gunnar Milde og Inger Lise Milde (04.10.2013).

Gnr 133, bnr 34 er overdrege for kr 1.000.000 frå Willy Falch til Jørg Bru (07.10.2013).

Gnr 112, bnr 7 er overdrege for kr 104.000 frå Gunnar Ingebrigtsen til Arne Ingebrigtsen og Martha Sørensen (11.10.2013).

Del av gnr 89, bnr 22 er overdrege for kr 300.000 frå Siri Holst til Fredrik Holst (11.10.2013).

Gnr 94, bnr 307, seksjon 1 er overdrege for kr 1.450.000 frå Erlend Tvedt til Marianne Tvedt (16.10.2013).

Gnr 113, bnr 131 er overdrege for kr 400.000 frå Øyvind Lunde til Karoline Dalen og Ronny Hagen (17.10.2013).

Gnr 19, bnr 39 er overdrege frå Nils Roald Høviskeland til Jørgen Høviskeland (18.10.2013).

Gnr 72, bnr 5 er overdrege frå Jonny Johannesen til Ann-Karin Fromreide (18.10.2013).

Gnr 81, bnr 2 er overdrege for kr 1.200.000 frå Johannes Holm til Henrik Holm Sylta (22.10.2013).

Gnr 114, bnr 1 er overdrege for kr 1.300.000 frå Mikkel Straume til Jan Magne Straume (24.10.2013). Salet omfattar også gnr 114, bnr 66, bnr

67, bnr 68, bnr 69 og bnr 70.

Gnr 47, bnr 7 er overdrege for kr 800.000 frå Grete Tennebekk, Anne-Linn Karine Akselsen, Christine Charlotte Akselsen og Susanne Helene Akselsen til Aksel Akselsen, Rogar Akselsen og Vidar Akselsen (25.10.2013).

Gnr 94, bnr 344, seksjon 3 er overdrege for kr 2.105.000 frå Ludmila Staskevica og Ivars Zaimonts til Marcus Dalland (30.10.2013).

Gnr 68, bnr 5 er overdrege frå Erling H Borgen til Elin Sofie Solensteen Rennesvik Borgen og John Borgen (30.10.2013). Overdraginga omfattar også gnr 68, bnr 6.

Gnr 114, bnr 66 er overdrege for kr 300.000 frå Jan Magne Straume til Estatia as (31.10.2013). Salet omfattar også gnr 114, bnr 67, bnr 68, 69 og 70.

Gnr 94, bnr 101 er overdrege frå Olga Sanna Hope til Johanne Gurine Hope (31.10.2013).

Gnr 94, bnr 101 er overdrege for kr 1.555.000 frå Johanne Gurine Hope til Johnny Helgesen og Vibeke Sælen Helgesen (31.10.2013).

Gnr 80, bnr 11 er overdrege for kr 900.000 frå Knut Georg Skaar til Lars Einar Sandtorv (07.11.2013).

Gnr 28, bnr 39 er overdrege for kr 1.700.000 frå Norvald Johan Nesse til Kjell Steinar Hafnor og Magnhild Kleppe (07.11.2013).

Del av gnr 17, bnr 38 er overdrege for kr 22.000 frå Benedickte Larsen til Kenneth Aasheim (08.11.2013)

Gnr 115, bnr 7 er overdrege for kr 600.000 frå Tysnes kommune til Terje Dingsør (14.11.2013).

Gnr 98, bnr 33 er overdrege for kr 500.000 frå Ingrid Hystad Kvamme til Arild Kvamme (15.11.2013).

Grønåsen 12 (Gnr 94, bnr 357) er overdrege for kr 218.426 frå Tysnes kommune til Andreas Fauske og Anette Kårstad (15.11.2013).

Del av gnr 109, bnr 22 er overdrege frå Torgny Alvestad til Laila Kathenes (11.11.2013). Overdraginga omfattar også del av gnr 109, bnr 23.

Del av gnr 109, bnr 21 er overdrege frå Laila Kathenes til Torgny Alvestad (11.11.2013).

Gnr 89, bnr 28 er overdrege frå Gerd Anborg Bruntveit til Wenche Andreassen og Jacobsen Kari Elise Qvist (21.11.2013).

Gnr 46, bnr 33 er overdrege frå Leif Ove Flygansvær til Svein Karsten Flygansvær (25.11.2013).

Gnr 167, bnr 31 er overdrege for kr 590.000 frå Ronny Espevik til Inger Kristin Nygård Jenseth (25.11.2013). Salet omfattar også gnr 167, bnr 42.

Gnr 67, bnr 54 er overdrege for kr 2.150.000 frå Silje Iren Haaland Lid og Vidar Lid til Hilde Marie Sæverud-Mehammer og Jon Helge Sæverud-Mehammer (18.11.2013).

Del av gnr 55, bnr 9 er overdrege for kr 700.000 frå Helge Ivarsøy til Pål Ivarsøy og Toril Ivarsøy (28.11.2013).